

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - C56, TI - &00	17/275

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2017	Formannskapet	PS	22.03.2017

Endring i vedtektene for stiftinga Bjørn West-museet

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Vedtekter nye for Bjørn West Museet	08.03.2017
Høyringsbrev BW	08.03.2017
Grunngjeving	08.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknader til dei framlagde endringane i vedtektene for Stiftinga Bjørn West-museet

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Styret for Stiftinga Bjørn West-museet godkjende i møte 12.05.16 samrøystes framlegg til endra vedtekter for stiftinga Bjørn West museet. Dagleg leiar for Bjørn West-museet har sendt framlegget til nye vedtekter ut på høyring. Høyringsinstansar er Museum Vest og dei kommunane som er med i stiftinga. Høyringsfristen er sett til 27. mars. Det vil seia at kommunestyret ikkje rekk å handsama saka.

Bakgrunnen for endringane er i hovudsak at museet vart konsolidert og ein del av Museum Vest frå 01.01.16.

Alle eigarkommunane er representert i styret for stiftinga Bjørn West museet. Det er likevel bestemt at framlegg til endringar i vedtektene skal verta sendt til uttale til alle eigarkommunane samt andre berørte partar.

Etter høyringa vil vedtektene, med eventuelle endringar, verta endeleg vedtekne av styret i stiftinga Bjørn West-museet, før dei vert sendt til stiftelsestilsynet for godkjenning.

Tidlegare dagleg leiar har utarbeidd framlegget til nye vedtekter. Han grunngjev endringane med at dei er med på å skapa betre oversikt og struktur. Nokre av dei gamle paragrafane er tekne vekk, andre har fått eit anna innhald. I dei nye vedtektene vert det presisert at Masfjorden kommune sin

representant skal vera styreleiar i stiftinga.

Vurdering

Rådmannen vurderer det slik at dei nye vedtektene er ei vidareføring av dei gamle. I all hovudsak har ein redigert dei gamle vedtektene og teke vekk ting som det ikkje er nødvendig å ha med.

Vedtektene er også tilpassa det faktum at Bjørn West-museet er ein konsolidert del av Museum Vest.

Konklusjon

Masfjorden kommune har ingen merknader til dei framlagde endringane i vedtektene for Stiftinga Bjørn West-museet.

Formannskapet - 023/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune har ingen merknader til dei framlagde endringane i vedtektene for Stiftinga Bjørn West-museet